

Fredag 10. og laurdag 11. juni var det tid for kurs i Ørskog. Kurset hadde tittelen "kurs for jaktfeltleiarar og jegerar med og utan hund"

Vi nytta skytebana i Ørskog med Skyttarlaget sitt utmerka klubbhus der vi kunne både halde kurs og få mat. Skytebana og området rundt nytta vi når vi var utendørs. Det var elleve kursdeltakarar som hadde vore villig til å ofre delar av pinsa for å lære meir om jaktleiing og ettersøk.

Det var Pål Vesterås og Christian Vole som var kursleiarar. Fredags kvelden var via til teori og etter kvart også diskusjonar omkring ulike tema. Det var ei røynd forsamling av jegerar som var samla, så dei mest sjølvsahte emna gjekk ein raskt forbi. Interessant vart det då ein kom meir inn på skilnaden mellom det å jakte med og utan hund, skilnaden mellom elgjakt og hjortejakt, og ikkje minst mellom dei ulike jakttradisjonane ein finn ulike stadar i landet. Ulike forhold omkring jaktleiing og ansvar vart grundig gått gjennom. Fellesnemninga denne kvelden var likevel regelverket, krava og erfaringa når det gjeld ettersøk. Lov- og regelverk vart grundig belyst og diskusjonane gjekk høgt omkring korleis ein skulle tolke desse. Då var det veldig greit å ha erfaringa og kunnskapen til Pål og Christian i same rommet, sjølv om også dei var med på at ein ikkje alltid kan nytte lovens bokstav som det einaste saliggjerande – ein må også bruke vett, som ein av kursdeltakarane så treffande sa det!



Laurdagen var det tid for å vere ute. Temaet denne dagen var av meir praktisk art. Dagen før var det lagt ut nokre korte blodspor og markering av nokre skotplassar. På skotplassane fann ein både spor, beinsplintar og hår. Ut frå dette skulle ein så danne seg eit bilete av kva ein kunne forvente i eit ettersøk. Deltakarane vart delte opp i tre grupper. Ein hund på kvar gruppe, og så skulle ein forsøke å finne og tolke ulike teikn. Det var då ein verkeleg fekk auga opp for hunden. Sjølv ein lite rutinert hund fann mykje betre fram i sporteikn enn kva ein rutinert jeger gjorde!

Vi opplevde ulike problemstillingar, men fellesnemninga var at her måtte ein heller stole på hunden enn å stole på jegeren – særleg han som skaut!
(Det var Pål Vesterås som fekk den lite smigrande oppgåva å vere han som alltid skadeskaut – og det var visst ikkje alltid han visste kva han hadde skote på...)



Resten av kurstida vart nytta til trening og metodar for trening av hund. Det var åtte av deltakarane som hadde hund som vart nytta til, eller skulle nyttast til jakt og ettersøk. Christian viste gong på gong at ein med enkle metodar fekk alle rasar som var representert på kurset til å gå spor. Stikkorda var oppmuntring, målretta arbeid og ikkje minst – å vere konsekvent.



Ved å nytte ein kombinasjon av ein hjorteskanke og litt blod, fekk ein vekka interessa til hundane ganske så raskt. I løpet av kort tid fulgte dei spor og fekk så belønninga si ved å gnage på ein hjortefot. Etter kort tid var det nok med nokre bloddråpar og ei eigna belønning i enden av sporet, og hunden var i gang med "ettersøket."



Ein viktig del av kurset er også den uformelle delen. Den tida ein tek seg til ein matbit eller ein kopp kaffe. Deltakarane vart trakterte med både vestlandsk brennsnut og med vestlandsk svele frå eit hverande lokalt kjøkken. (For dei som ikkje veit kva det er så kan dei melde seg på neste gong det blir kurs i Ørskog...)



Alt i alt – eit vellukka kurs med eit godt innhald og med gode tilbakemeldingar!

Takk til Christian og Pål som tok vegen over fjellet, og takk til kursdeltakarane!